


# EMNERAPPORT

Emnekode: FARM290	Høst 2023	K2
Emnetittel: Farmakologi 1		
Emneansvarlig: Lars Herfindal	Godkjent i:	
Dato: Nov. 2024		

## INNLEDNING:

## STATISTIKK:

Antall vurderingsmeldte studenter: 35	Antall studenter møtt til eksamen: 35	
Karakterfordeling: <b>Totalt:</b>	Bestått 27	Ikke bestått 8
		

A	B	C	D	E	F
2	11	10	3	1	8

SAMMENDRAG AV STUDENTENE SIN EMNEEVALUERING (*hovedpunkt*): Utgangspunkt i evaluering fullført av ni studenter.

Tilbakemeldingar frå evalueringsskjema:

- **Forelesingar:** Desse får stort sett god tilbakemeldingar. Dei forelesingane med høgt detaljnivå vert gjerne vurdert litt lågare både i fagleg innhald og formidling. Det er ein eller to respondentar som er svært kritisk til alle forelesingane. Nokre studenter skriv at eit par forelesingar var litt rotete. Farmakokinetikkforelesinga har gått som tavle-undervisning, og det er mange studenter som har bede om powerpoint-presentasjon av dette.

- **Kasuistikk-undervisning:** Dette er obligatorisk undervisningsaktivitet, der studentane får presentert kasuistikkar innan diabetes, kreft og smertelindring. Deretter skal dei arbeida med kasuistikken i grupper, og til slutt skal ei gruppe presentera forslag til løysing, og deretter skal ein diskutera løysningsforslaget i


plenum.

-Tilbakemeldingane er stort sett gode. Spesielt gruppearbeidet vert sett pris på. Det er ein del studentar som synest at introduksjonen av kasuistikkane var noko uoversiktlege og rotete.

Me hadde ein ny undervisningsaktivitet som me ikkje hadde i fjor. Studentane hadde fyrst ei forelesing om behandling av astma. Deretter fekk studentane ein kasuistikk som dei skulle arbeida med i grupper. Halvparten av gruppene skulle nytta tradisjonelle informasjonskjelder (t.d. legemiddelhandboka, RELIS, felleskatalogen) medan den andre halvparten skulle utelukkande nytta KI-verkty. Deretter skulle dei samanlikna løysingsforslaga og me hadde ein diskusjon i plenum om kva som var mest optimal løysing. Eit par kommentarar frå studentane:

- Jeg fikk ikke mye utbytte av astma kasusen. Jeg så ingen nytte verdi i å sammenligne det som står på ChatGPD og det den andre gruppen skulle finne. Det var også ganske urettferdig fordel. ChatGPD gruppene trengte ikke å gjøre særlig arbeid mens den andre gruppen måtte jobbe mer grundig gjennom arbeidet. Jeg skjønnte heller ikke hvorfor det bare var 3 grupper som ende opp med å presentere en av kasus oppgavene mens en av de slapp unna.
- Det var tydelig hva kasusen var, og arbeidet med kasusen ble mer motiverende da vi fikk vite at halvparten skulle bruke KI.
- Det var nyttig å vurdere flere problemstillinger samtidig. I tillegg var det interessant å sammenlikne hva vi KI-gruppene fant ut sammenliknet med de andre.
- Jeg synes det var lite nytteverdi i måten siste kasus ble løst på da gruppen(e) med AI ikke fikk brukt kunnskapen til noe særlig nytte
- syntes det var bortkastet å ha en diskusjon rundt chatgpt og løse det manuelt
- Likte at vi gjorde en alternativ presentasjon hvor 1 gruppe fant svar på den "gamle" måten mens den andre gruppen brukte "chatgtp"

### **Eksamen:** Dei fleste synest eksamen er relevant og har passande vanskelegheitsgrad:




Eit par kommentarar frå studentane:

- Veldig god eksamen som hadde fokus på det viktigste fra hvert tema. Passe vanskelighetsgrad.
- burde absolutt vært hjelpemiddel i form av kalkulator. gir lite mening å bruke masse tid på "hoderegning" (syns det var ganske vanskelige utregninger uten kalkulator).  
Var varierte og jevnt over gode oppgaver og MCQ. Siste regneoppgaven var veldig uventa da vi ikke har hatt noen eksempler på lignende oppgaver i undervisning
- Eksamen var veldig god. Dekket det meste av pensum og var passe i vanskelighetsgrad. Følte jeg fikk vist forståelse, den var ikke bare basert på pugging av detaljer (som eksamen dessverre ofte er).
- Regneoppgavene i farmakokinetikk krevde mye tid. Kalkulator burde vært lov på noen av regnestykkene.
- Synes eksamen var relevant, og det gikk jevnt over fint å svare. Jeg opplevde forøvrig noen av oppgavene i forbindelse med smerte som vanskeligere å besvare, da disse omhandlet temaer som det ikke ble lagt noe spesielt fokus på i undervisningen og som derfor heller ikke ble ordentlig gjennomgått eller forklart.
- Synes det var fint at første oppgave var et slags eksempel der vi måtte bruke det vi hadde lært om farmakodynamikk for å løse oppgavene, uten at oppgavene var veldig teoretiske og tatt ut av en

lærebok. (At vi feks skulle se på grafen og fortelle hvordan et legemiddel påvirket et annet, i stedet for å bare ramse opp de ulike typene antagonisme som finnes).


Opgaven om farmakokinetikk var også god, der man også måtte tenke litt og ikke bare regne rett frem på alle oppgavene.

**På spørsmål: I tillegg til forelesinger, hvilke informasjonskilder har du benyttet deg mest av i løpet av semesteret.**



- Jeg brukte mest helsedirektoratet, felleskatalogen og legemiddelhåndboken
- Brukte mest material fra MittUiB i tillegg til lærebok (Rang and Dale)
- også brukt podcast og YouTube filmer
- Har brukt presentasjonene fra forelesning mest, men også legemiddelhåndboken og felleskatalogen (gikk bare an å velge en).
- Fikk ikke til å krysse på mer enn en. Har brukt mest Legemiddelhåndboken og mittuib, og litt FK og Rang and Dale
- Jeg har brukt material som er tilgjengelig på MittUiB (powerpoint og worddokumenter). Felleskatalogen og legemiddelhåndboken ble også brukt mye til kasusoppgavene.
- Legemiddelhåndboken i tillegg til felleskatalogen.
- ikke brukt noen andre
- Synes legemiddelhåndboken uten tvil har vært beste kilde å bruke.
- Jeg har benyttet meg til dels av Rang and Dale, og har brukt forelesningene en del. I tillegg har jeg i stor grad benyttet internett, som bl.a. SNL, SML og NHI, for å lære meg pensum.

**Det kunnskapsmessige utbyttet av undervisningen har vært...**



**Andre kommentarer:**

**EMNEANSVARLIG SIN EVALUERING:**

Inntrykk fra underviserane.

-Dette semesteret var utfordrende grunna vanskeleg timeplan. Eksamen kom veldig tidleg, og me fekk ikkje byta tidspunkt for den. Det gjorde at obligatorisk undervisning og innlevering kom veldig tett på eksamen. Grunna dette fekk ikkje alle studentane tilbakemelding på skriftleg innlevering. Dette må me unngå at skjer

igjen og kom også opp i evalueringa.

-Oppmøte på forelesingar var stort sett bra.

Det var uvanleg høg strykprosent. Det var fleire studentar som var dårlege i norsk, og som tydelegvis ikkje hadde forstått oppgåveteksten og som svarte blankt på fleire store oppgåver. Bortsett frå dette er karakterfordelinga lik det me har sett tidlegare.

#### MÅL FOR NESTE EVALUERINGSPERIODE - FORBEDRINGSTILTAK:

Undervisninga i farmakokinetikk er lagt om, sidan det var fleire av studentane som ikkje tok notat eller møtte på forelesing. Målet var at studentane skulle nytta eigne notat, men dette vart altså vanskeleg dersom ein ikkje noterer undervegs i forelesinga, eller ikkje kjem på forelesing.

Me har laga ein ny undervisningsaktivitet som er praktisk farmakokinetikk. Me håpar at dette vil betra læringsutbyttet i farmakokinetikk.

Timeplanen er det vanskeleg å gjera noko med. Det er eit tungt semester for studentane med fysiologi og mikrobiologi/immunologi samstundes. Det hadde vore nyttig dersom våre innspel til eksamen vart tatt til følgje, slik at dei tre eksamenane ikkje kjem for tett.

Det har vore nokre misforståingar med den gruppa som skulle demonstrera diabetes-utstyr. Dette har me ordna opp i slik at den gruppa som presenterer diabetes-kasus også demonstrerer utstyr for blodsuktermålingar. Den fjerde gruppa får i oppgåva å presentera data frå farmakokinetikk-arbeidet i staden.